

Kommunalt

MANDAG **FORSKNING** * TIRSDAG **EU** * ONSDAG **GRÜNDER** * TORSDAG **KOMMUNALT** * FREDAG **INTERNASJONALT NÆRINGS LIV**

Seks kommunar i Nord-Trøndelag har **testa** samarbeidsforma samkommune. No går ordninga frå forsøk til lov.

* SAMKOMMUNAR

Går frå forsøk til lov

Rett før juleferien sende regjeringa lovforslaget for samkommunar til Stortinget.

Kommunane Levanger og Verdal i Nord-Trøndelag har sidan 2004 drive Innherred samkommune som forsøksprosjekt. Først for fire år, så forlenga med to år til, og så i nokre år med årlege forlengingar, medan dei venta på at regjeringa skull bestemme seg om samarbeidsordninga var liv laga og verdig lovfesting.

Eiga eining

I ein samkommune blir delar av dei kommunale oppgåvene til medlemskommunane lagt over i ein samkommune, ein sjølvsten-

dig økonomisk, politisk og juridisk eining.

– Skal vi halde oss med så desentralisert kommunestruktur som vi har, og det er det gode argument for, må ein også leggje til rette for fleksible samarbeidsordningar mellom kommunane, seier samkommuneordførar og ordførar i Verdal Bjørn Iversen (Ap).

Samkommune er i utgangspunktet ein finsk modell. Det var den løysinga politikarane i dei to kommunane valde då dei leita etter ein ny måte å organisere samarbeidet på.

Levanger og Verdal er fylkets tredje og fjerde største kommune etter folketal og begge kommu-



I TURNUS: I Innherred samkommune går ordførargjeringa på turnus blant ordførarane i dei to medlemskommunane. Begge representerer dei Ap.

nane er store landkommunar. For dei var ikkje vertskommunesamarbeid aktuelt.

– Det passar ikkje så godt for jamstore kommunar, seier Iversen.

Den andre årsaka til at dei valde samkommune var at samarbeidsprosjekta fekk ei samla politisk styringsgruppe, samkommunestyret.

Inn og ut

Til Innherred samkommune ligg no oppgåver som arealplanlegging, brann og redning, arkiv, skatt, jordbruk og servicekontor, for å nemne noko. Samkommunen forvaltar rundt 5 prosent av

kommunebudsjetta i dei to kommunane.

– Vi prøvde også å leggje inn barnevern, PPT, helsestasjon, legetenesta og nokre andre inn i samkommunen, men førte dei

etter kvart tilbake til morkommunane, seier Iversen.

– I samkommunen har vi no tenester der fagmiljøa også i kommunar som Verdal og Levanger blir litt små. Vi kan



URO

«Dei som meiner at makta skal vere i kommunestyresalen, vil alltid meiner at denne typen samarbeid svekkjer demokratiet.»

ROALD SAND, FORSKAR
TRØNDELAG FORSKNING OG UTVIKLING

Tilset fleire etter ulovleg tvang

SOSIALTENESTA. Sviande kritikk frå Helsetilsynet fører til at Ørsta kommune tilset fleire for å unngå ulovleg bruk av tvang, skriv kommunal-rapport.no

Tilsyn ved sosialtenesta i sunnmørskommunen i fjor haust avslørte ulovleg tvang

mot klientar. Ei av årsakene til tvangsbruken var for lite folk på jobb.

Fungerande helse- og sosialsjef Oddvar Marøy i Ørsta seier til Sunnmørsposten at det no er tilsett fleire nye folk knytt til bustadenesta.

FOTO: SCANPIX



Barnehagar blir best med lokal handlefridom, skriv KS.

KS finn forslaga firkanta

BARNEHAGE: KS meiner det regjeringsoppnemnde utvalet, Øie-utvalet, som har sett på barnehagesektoren, ikkje gir gode svar på utfordringane framtida vil gi. – Svaret frå utvalet er endå meir firkanta reglar og statleg detaljstyring, skriv KS i ein kommentar til

rapporten. KS skriv at det er heilt urealistisk å tru at barnehagesektoren skal få forkjørsrett i offentlege budsjetter, og med avgrensa tilgang på pengar og kvalifisert personale, er lokal handlefridom nødvendig for å utvikle gode barnehagar.



Nett no er Levanger-ordførar Robert Svarva (til venstre) varaordførar i samkommunen og Bjørn Iversen, ordførar i Verdalen, også ordførar i samkommunen.

FOTO: ROGER M. SVENDSEN, LEVANGER-AVISA

ikkje seie at vi hentar så mykje økonomisk gjennom samkommunen. Vi hentar kompetanse, og håpar det i rekrutterings-samanheng skal slå bra ut, seier Iversen.

I samkommunestyret har Levanger og Verdalen ni representantar kvar, i praksis formannskapa i dei to kommunane.

– Vi har vore veldig tydeleg, både i grunnavtalen og vedtak på at dette er eit alternativ til samanslåing, ikkje byrjinga på samanslåing, seier Iversen.

– Vi ville ikkje fått det til om vi hadde tenkt eller sagt noko anna. Arenaen for den generelle politikken i kommunane er framleis

formannskap og kommunestyre, seier Iversen

Framleis er kommunane med i ulike interkommunale samarbeid, i tillegg til samkommunen.

Nytt forsøk

Fem år etter Innherred samkommune kom ein annan nordtrøndersk samkommune, Midtre Namdal samkommune med Namsos, Fosnes, Overhalla og Namdalseid. Sidan samkommunane er forsøk, har dei blitt nøye følgd av forskarar.

– Dei to samkommunane har organisert samarbeidet heilt ulikt. Medan dei i Innherred

plukka ut delar av den kommunale drifta og la inn i samkommunen, har dei i Midtre Namdal stor grad bygd vidare på tidlegare samarbeidsprosjekt og ført det inn i ein samkommunemodell, seier seniorforskar Roald Sand ved Trøndelag forskning og utvikling

I evalueringsrapporten konkluderer forskarane med at samkommune er eit godt alternativ til anna samarbeid.

– Det har gitt Midtre Namdal ei meir oversiktleg politisk styring av samarbeidsprosjekta dei hadde, seier Sand.

– Det blir ikkje dårlegare demokrati med samkommunemodell-

len, gitt at kommunane uansett ville ha samarbeida på områda. Men dei som meiner at makta skal vere i kommunestyresalen, vil alltid meiner at denne typen samarbeid svekkjer demokratiet, seier Sand.

Forskaren peikar også på andre følgjer av samarbeidet.

– I tillegg til tenestene som ligg til samkommunen har det både i Midtre Namdal og Innherred vakse fram eit regionalpolitisk samarbeid ut over samkommunen som følgje av organiseringa, seier Sand.

JANNE GRETE ASPEN
janne.aspen@nationen.no

Fakta

Forsøksprosjekta

Innherred samkommune:

* **Starta 2004**, Levanger og Verdalen kommune.

* **Felt:** Arealplanlegging, brann og redning, arkiv, jordbruk, skatt, servicekontor, interne kommunale tenester.

Midtre Namdal samkommune:

* **Starta 2009**, Namsos, Overhalla, Fosnes, Namdalseid.

* **Felt:** Barnevern, kommuneoverlege, miljø og landbruk, Nav, skatt, utvikling.



Historia

* **Prosjektet** samkommune vart første gong sendt ut på høyring i juli 2005, saman med forslag til vertskommunemodell.

* **Vertskommunemodellen** vart lovfesta i 2005/2006.

* **Departementet ville** ha meir kunnskap om samkommunemodellen.

* **Nye oppgåver** for kommunane, til dømes samhandlingsreforma, har gjort samkommunen meir aktuell.

* **Regjeringa legg** til grunn at fleire kommunane enn før vil sjå behovet for ein samkommunemodell.



Samkommunen

* **Frivillig** samarbeidsmodell.

* **Får myndigheit** overført frå deltakarkommunane.

* **Samkommunen er** eigen juridisk eining.

* **Indirekte finansiert** av deltakarkommunane.

* **Har eigen administrasjonssjef** og eigne tilsette.

* **Har eit felles** overordna styringsorgan.

* **Samkommunestyret er** vald av og blant kommunestyra i deltakarkommunane.

KJELDE: LOVFORSLAGET FRÅ KRD